

Olav Fagerlid

OM DET Å VÆRE I SLEKT MED VESTLANDSFAN – EIN VARDØGER-REDAKTØR BLIR TIL

Det blir sagt om dikteren Åsmund Olavson Vinje at hans merkelege avisprosjekt *Dølen* var Vinje og Vinje var *Dølen*. Eit langt stykke på veg gjeld dette også Rune og *Vardøger*. Rett nok har dette prosjektet heilt frå starten vore eit kollektivt tiltak, men det har aldri vore særleg tvil om kven som er den raude tråden i prosjektet. Då Rune såg dagslyset for første gong, stod det kanskje skrive i stjernene at han skulle føde og fostre eit marxistisk tidsskrift. Det stod i alle fall ikkje skrive nokon annan stad.

Rune er født på Børabruket i gardsgrenda Skarstein i Olden inst i Nordfjord. Faren, Einar, var eit politisk menneske, ei framsynt organisatorisk drivkraft. Han fungerte ein lengre periode som ordførar, valt som representant for Bondepartiet. Han viste også stor økonomisk teft for å skape fleire inntektskjelder av gardsdrifta. Epleproduksjonen gledde dei fruktsvultne byborgarane like etter krigen. Tomatane gledde turistane om sommaren. Men ungdommen i gardsgrenda hausta dobbelt glede: arbeidsløn og kosttilskot i form av uforklarleg svinn. Vel, kanskje var det ei som såg også denne sida av produksjonskostnadene. I så fall såg ho gjennom fingrane. Mor til Rune, Ragna, var den som langt på veg sto for den praktiske drifta av garden frå dag til dag. Utan dette seige arbeidsjernet hadde ikkje gardsdrifta hengt saman.

Gjennom femti- og sekstitalet vart bygda sugd inn i ein komprimert moderniseringsprosess som reint teknologisk sveiv i spiral rundt to tyngdepunkt: elektrifisering og forbrenningsmotoren. Tohjulstraktoren og etterkvart dei firehjulsdrevne «transportarane» fann seg fort til rette i brattlende. Innomhus var overgangen frå vedovn til elektrisk komfyr, frå vaskebrett til vaske-maskin, frå meir eller mindre tradisjonell konservering av mat til kjøleskap og fryseboks fullført i løpet av 10 til 15 år.

I dag må ein abonnere på minst eit datablad for at ein med truverdig tyngde kan uttale seg om «effektene av dagens teknologiske revolusjon». Ei slik argumentativ kraft kan nok trengast. Det merkelege er at vi i dag ser IT-utstyr overalt bortsett frå i produktivitetstala. Akkurat denne samanhengen mellom teknologisk endring og velstandsvekst var langt lettare å finne ut av på femti- og sekstitalet. Folk flest snakka mykje om «Utviklinga» på same måten som dei elles snakka om veret. Det gjorde dei ikkje berre fordi dei las om «den raske Utviklinga» i avisene eller hørde om ho i radio. «Utviklinga» vart heller ikkje spesielt knyta til teknologiske modernitetsikonar slik IT-teknologien er det i dag. «Utviklinga» vart dels oppfatta å være samfunns-

messig generell. Men samtidig var den nær og konkret som kombinerte effektar av modne teknologiar eller teknologiske prinsipp som på kort tid slo inn i lokalsamfunnet. I alle fall fekk omgrepet produktivkraft ei nokså handfast form.

På femtitalet kom ein av dei første tohjulstraktorane i Olden til Børabruket. Traktoren, eit tungt svin med to store hjul og tilhengar med kardangdrift, bar snart namnet «Irus» som sjølvsagt også var fabrikknamnet. Kyndig samtale mellom konfirmantane skifte fort frå eksteriørvurdering av fjordhest til sakkunnige utsegner om hestekrefter og strategiske motordata. I trygg avstand frå vakse overoppsyn vart «Irus» sett på prøve. Ikkje alle eksperimenta hadde ei like god jordbruksfagleg grunngeving. I seine kveldar og i hendene på framstegshungrig ungdom ga «Irus» meistringsglede og underhaldning. Dermed vart «Irus» kunnskapsteknologi så god som nokon i meininga katalysator for tileigning av ny kunnskap og nye ferdigheiter. Rett nok var ikkje dette kunnskap av samme sort og prestisje som den underhaldnings- og informasjonstraumen som veltar ut av dagens informasjons- og kommunikasjonsteknologi. Vi får tru at denne informasjons- og underhaldningsstraumen leiar oss inn i det svært omtalte kunnskapssamfunnet for der ser det ut til at vi både kan kle og mette mennesket berre med teikn og taste-trykk. Alt no kan vi sjå at det der ikkje vil skorte på mediaskapt grautkoking.

Med fasiten i handa veit vi at «Irus» i sitt vraltande velde og på sitt klossete vis symboliserte innfallsporten til ei sosial og økonomisk omkalfatring av vestlandsbygda. Gamle «Irus» var eit av dei første teikna på den endelege utskiftinga av eit gammalt kunnskaps- og haldningsregime. Dei gamle var snare å gripe til ljàen for å frisere grastustane i vegskråningar og rundt stein og stubbar. Dei spådde svolt og elende for den nye generasjonen traktorbønder som sløsa med ressursane og elles ikkje gjorde noko som helst med mindre det kunne gjerast frå traktorsetet. Denne klaga over ungdomleg sløvsinn er gammalt nytt. Det som er verdt å merke seg, er at om ungdomen verkeleg tok seg på tak og hørde på besteforeldra, forsto dei mindre og mindre av meiningsinnhaldet i det som vart sagt. I løpet av ein generasjon visna 40-50% av det gamle ordforrådet knytt til dei eldre driftsformene med tilhøyrande handlings- og haldningsrepertoar. På svært kort tid vart gamal kunnskap og kontekst til historie og til estetisert museumsliv til glede for dagens menneske som har alt, men saknar «tid», «røter», «det ekte» eller berre litt «nasjonal» eksotikk.

Dette hamskiftet av liv og næring i Indre Nordfjord var sjølvsagt ikkje noko eineståande. Det var berre ein flik av ein større økonomisk og sosial omvandling av Norge etter andre verdskrigen. Det spesielle var kanskje at Indre Nordfjord hadde ein del å ta att – særleg på grunn av sein elektrifisering. For den store gruppa av ungdom frå liknande bakgrunn var det viktigaste innhaldet i dette hamskiftet ein opning av samfunnet for geografisk og sosial mobilitet formidla gjennom eit raskt ekspanderande utdanningssystem.

Her var Rune tidleg ute. På femtitalet var det svært uvanleg at ungdom i bygda søkte seg vidare i skulesystemet. Det hadde fleire grunnar. Det var få alternativ å velja mellom. Dei fleste som tenkte seg vidare til gymnasen, søkte seg til Firda Landsgymnas på Sandane der dei måtte konkurrere med ungdom frå heile fylket. Kom ein gjennom dette nålauget, var det i tillegg eit spørsmål om økonomi for å finansiere utdanninga. Dessutan var det heller ikkje nokon allmenn tradisjon for å velje ein slik utdanningsbasert karriereveg. Vi skal likevel ikkje overdrive dette. Alt før krigen vart det sagt med eit typisk vestlandsflir at Nordfjord først og fremst var kjend for å eksportere tomtønner og lærarar. Det er i alle fall teikn til at Nordfjord inntil andre verdskrigen hadde eksportert sin kvote og vel så det av «Vestlandslæraren».

I dag er grunnskulen det første trinnet i ein utdanningsstige. Den 7-årige folkeskulen som Rune levde seg gjennom, var alt anna enn retta mot dei endringane som låg i lufta utanfor skulestova. Innafor dei solide veggane var verksemda heller himmelvend mot dei evige verdiane inkludert dei som var samfunns- og nasjonsbyggande. Om ikkje anna ga pugging av salmevers og Luthers katekisme med forklaring sitt bidrag til avkristninga av dei som alt halla den vegen. Elles osa skulestova av innøvd plikttruskar og protestantisk ånd. Dette var dessutan noko ein fekk rikeleg av som lekse heimafrå. For gardsungane, og det var dei fleste, var rettferdig deling av laurdagsgodteriet og anna forbruk ikkje noko stort problem. Den praktiske definisjonen av rettferd vart innøvd gjennom fordelinga av (barne-)arbeid heime. Prøvde ein å lure seg unna, hadde ein om ikkje anna eldre søsken som villig tukta syndaren. Av instinkt kjenner eg enno plikthunden gneldre i meg kvar gong Rune (med god grunn) refsar oss andre i Vardøggerredaksjonen for sviktande arbeidsmoral.

Sosialiseringa var vel elles prega av ein nokså egalitær vestlandsnormal. Eksistensen av denne normalen spegla relativt små sosiale avstandar i bygda. Etter dagens standard var levkåra litt magre, men det vart ikkje opplevd slik. Diktaren Tor Jonsson var innom bygda like etter krigen (1949). Der rakk han å bli kjend med og fascinert av ein eldre bonde og tradisjonsberar. Bonden var av vekst liten som ein tufteskall, men dei høge fjella stengde likevel ikkje for utsynet hans. Det er ikkje så merkeleg at dette var alt Tor Jonsson fekk med seg etter ei kort innsmet i bygda. Hadde han vakse opp der, hadde han sjølv sagt fått med seg meir i sekken. Men det ville ha vore ein sensasjon om han også hadde fått med seg sitt raseri mot sosiale skilje og oppstylta bondearistokratisk kultur. Denne brenneveden til eiga diktning sank han i heimbygda aust for vasskillet. Hans eigenmelding frå ei austnorsk bygd, blir i mangt stadfesta av sunnmøringen Ivar Aasen si ironisering over den austnorske storbonden som han teiknar som ein anglifisert aristokratkonstruksjon. Aasen si raljering osar av vestlandsk nivelleringsarkasme. Kongen i «Det norske folkeeventyret» er eit nasjonalikon, men han er heilt sikkert ikkje

vestlending. Er det intellektuelt tak i vestlendingen, er han som regel meir i slekt med trollet på Karl Johan: vestlandsfan.

Vestlandsfan er ektefødd avkom av ein kulturell og politisk straum som har hatt nokså mykje å seie for nasjonsbygging og utdjuping av det norske demokratiet. I alle fall på den nordlege del av Vestlandet sprang denne strau- men ut av historiske kjelder avisa Morgenbladet i 1868 gav attesten: «raabarkede Gaardbrugere» og «halvstuderet røvervesen» (dvs lærerstanden). Legg vi til avhaldssak, målsak og indremisjon, er Nils Kjærs draumesyn av vestlandsfan på veg til Stortinget komplett. I følgje Mao skal det være ein god ting å bli bannsett av sine fiendar – her av ein reaksjonær åndsaristokrat. Men kanskje ikkje alltid. Etter at Kjær bråvakna av sitt draumesyn og fortalde om det, er vestlandsfan blitt ei stivna maske for dobbeltmoral og lummer bedehusluft. Er det så enkelt, kan det seiast mykje vondt om fenomenet. Det meste er då også sagt. Men ei rot kan ha fleire renningar.

Å vekse opp i Indre Nordfjord like etter krigen tydde i ein eller annan for- stand å ta stilling til det religiøse. Det er ikkje det same som at bygda var særleg plaga av «indremisjonshegemoni». Det mest intense religiøse livet var som regel flekkvis konsentrert til enkelte gardsgreender og familiar. I Skarstein-grenda der Rune voks opp, var ikkje ungdomen kjend for å slite kyrkje- og bedehustrappa. Det er likevel ikkje hovudsaka. Poenget er at ein instinktivt visste at skalaen for radikalt ungdommeleg oppgjer inkluderte opprør mot Moses og Profetane; ja, kanskje først og fremst det. I den forstand vart «kritikk av religionen vilkåret for all kritikk» (Marx). Men dersom ein var intellektuell ambisiøs og/eller nysgjerrig, kravde slik kritikk intellektuelt verktoy og følgeleg leiting etter begrepsapparat som ga fundament for kritikken. Denne modningsprosessen var nokså open, men likevel farga av den grunnleggjande sosialiseringa i vestlandsbygda: leiting etter prinsipp og meining. Ein naturleg plass å leite for yngel av «raabarkede Gaardbrugere» utan klassisk danning var naturvitskapane. Desse kunnskapsformene gav lovnad om trygt fundert kunnskap og einskap i forklåringsprinsippa. Det var dessutan kunnskaps- og tankeformer som hadde vist sin verknad gjennom dyremedisinsk kunnskap, avlsforedling, endra driftsformer og ny teknologi som letta kvardagsslitet.

Ungdomskulturen var ikkje oppfunnen enno – i alle fall ikkje i denne delen av landet. Komen til gymnas- og hybellivet på Sandane som 15-16 åring, sjokkfridd frå heim og heimbygd, galt det om å bli vaksen i ei brå- vending. Over natta var det mykje «barnetro» som skulle opp til kritisk vurdering og revisjon. Då eg sjølv kom til Sandane som førstereisgut, var Rune i ferd med å fullføre siste året på landsgymnaset. Eg besøkte han ofte. Han budde i eit eldre hus nær skulen saman med to-tre andre skulekameratar. Vinters tid fungerte hyblane som ein praktisk kombinasjon av bustad og kjøleskap. Ein av kameratane som var velsigna med det største rommet, bygde seg eit lite telt for å skjerme seg mot hybelvinteren. Der sat han som

Diogenes i tønna og sådde åndsradikalisme i grovillig jord. Ein del av inspirasjonen henta han nok frå Darwin.

Det første møtet med Darwins *Artenes opprinnelse* vart eit intellektuelt jordskjelv. Heldigvis var ikkje Darwin pensum. Det gjorde teksten endå meir pirrande. Men sjølv ikkje pensumnaget kunne ta livet av Garborgs *Bondestudentar* som intellektuell matauk. Denne teksten er eit litterært minne om eit passert sosialt, kulturelt og økonomisk traume som braut ned ein Fram og bøygde ein Daniel Braut inn i ynkeleg sosial tilpassing. Men for mange intellektuelle oppkomlingar vart teksten også noko anna. Den ga ein og annan «bondestudent» under sterkt intellektuelt modningspress modellar for autoritetstvil og autoritetsopprør. Men denne tvilen og opprøret knytte seg først og fremst til livssyn og kva som gav livsmeining enn til sosiale motsetningar. Det siste ga ikkje vestlandsbygda erfaringsgrunnlag for.

At det gror marxistiske intellektuelle av ei slik jord, kan sjå ut som eit mirakel, men er det neppe – i alle fall har det hendt før. Vi kan gjere eit dristig sprang til midten av attenhundretalet. Då vart den agiterande og skrivande autoritetsstormaren Olaus Fjørtoft født i bonde- og fiskarsamfunnet Haram på Sunnmøre. Denne bonde- og lensmannssoenen var truleg den første som ga ein sakleg presentasjon for norske lesarar av Marx og grunnlaget for Internasjonalen. Fjørtoft svalt eller svelte seg i hel i Kristiania berre 31 år gamal. Men før dette rakk han å markere seg så sterkt i samfunnsdebatten i denne urbane avkroken at han stod modell for minst tre figurar i norsk litteratur. Den mest kjende er Fram i Garborgs *Bondestudentar*. Denne boka var ein sentral tekst i norsk pensumet ved Firda Lands gymnas den tid Rune var der i slutten av 1950-åra. Vi skal ikkje sjå bort frå at han til liks med andre medelevar før han, kjende seg att i den eine eller den andre av figurane i Garborgs tekst. Men ut over dette er tråden mellom lensmannssoenen frå Sunnmøre og bonde- og ordførarsonen frå inst i Norfjord heller tynn. Ein føregangsmann som ligg langt nærare, er klokkarsonen, sosialisten og ateisten frå Lindås, Torolv Solheim, som med sitt eige tidsskriftprosjekt *Fossegrimen*, var ei openbar inspirasjonskjelde for etableringa av *Vardøger*.

Slik eg hugsar det, var ikkje Rune politisk aktiv den tid han var på Firda Gymnas – langt mindre det vi seinare kalla venstreorientert. Då eg sjølv kom til NTH i Trondheim hausten 1966, var situasjonen ein anna. Sjølv om eg knapt nok hadde møtt Rune på 5-6 år, var eg ikkje overraska over skiftet. Han var då heller ikkje så omsnudd og nyomvend at han ikkje kjende seg sjølv igjen. Eg hadde i alle fall ikkje problem med å kjenne han att. I samband med sivilingeniørstudiet hadde han bak seg eit år i (Vest-)Tyskland. Dette hadde openbart vore ei rik erfaring. Med sin språkgivnad hadde han lært både å snakke og skrive tysk svært bra, og han vart etter kvart godt kjend med Hans Magnus Enzensberger. På den tida var Enzensberger fortsatt redaktør av tidsskriftet *Kursbuch* som han sjølv hadde starta midt på sekstitalet.

Enzensberger var ein tysk intellektuell som Rune såg opp til med god grunn. Ideen til den tofarga framsida på *Vardøger* stammar frå *Kursbuch*.

Det første året eg var i Trondheim vart Rune redaktør av studentavisa *Under Dusken*, og han drog meg straks med i Sos.stud. Dette var ein svært aktivt politisk verkstad som held til i ein «kjellarhybel» i Studentersamfunnet. Her møtte eg for første gong Einar Jetne, Arnulf Kolstad og Bernt M. Førre som alle på ulik vis seinare deltok i etableringa av *Vardøger*. Dei neste ti åra vart ei svært hektisk politisk tid på venstresida som også ga rom for mykje strid mellom ulike sekter og siste dagars heilage. Frå vestlandsbygda var eg velsigna med eit religionssosiologisk gyroskop som eg trur murra i meg kvar gong politisk frelse og omvending stod på dagsordenen. Eg kan ikkje minnst at det murra når eg var innom Sos.stud-hybelen. Rett nok mangla det ikkje på doktrinære bukkesprang og djupdykk i klassiske skrifter, men det var samtidig rikeleg med humor, til og med sjølvironi. Dessutan ropte verda utanfor den politiske kjellarhybelen etter meir eller mindre anarkistiske initiativ og deltaking: kampen om talerstolen i Samfunnet skulle vinnast, eit progressivt styre i Studentersamfunnet skulle lirkast på plass, Trondheimspolitikarane sine planar om å asfaltere ned (i dag attraktive) bustadområde skulle stansast, men ikkje minst: motstand mot USAs voldtekt av Vietnam skulle kjempast inn på den politiske dagsordenen saman med aksjonen for politisk militærnekting.

I denne politiske hurlumheien treivst Rune. Han spelte på fleire strenger, men han likte seg nok best i rolla som ein analyserande intellektuell. Dette var ei rolle han openbart hadde eit politisk medvete forhold til. Så lenge i ettertid er det lett å romantisere, men på dette punktet er det mogleg å støtte seg til *Vardøger* som kjeldeskrift. *Vardøger* nummer 1 (desember 1969) ber rammetittelen: *Intellektarbeiderne – Universitetet – Kapitalismen*. Omgrepet intellektarbeidar er henta frå artikkelen til Paul A. Baran: «Den intellektuelles oppgave». Det er slett ikkje tilfeldig at denne artikkelen står heilt fremst i det første nummeret av *Vardøger*. Baran sin vesle artikkel er ei klassisk perle publisert i det amerikanske tidsskriftet *Monthly Review* i 1961. I denne artikkelen drøfter Baran ulike karaktertrekk som skiljer ein intellektarbeidar frå ein intellektuell. Framveksten av det Baran kallar intellektarbeidarar, knyter han til vitskapleggjeringa av produksjonen og til byråkratisering og profesjonalisering av offentlege og private institusjonar.

«(...) intellektarbeideren [er] typisk den trofaste tjener, agenten, funksjonæren og systemets talsmann. Det er karakteristisk for ham at han tar det eksisterende samfunnssystemet som gitt, og at han bare setter spørsmålstegn ved de herskende tilstander som befinner seg innefor det begrensede området han i øyeblikket er opptatt av. Og det han er opptatt av i øyeblikket, er bestemt av den jobben han holder på med. Er han f.eks. ikke fornøyd med kostnadsnivået i fabrikken han eier, driver eller er ansatt i, vil han kanskje prøve å senke kostnadene. Han kan f.eks. få i oppdrag å

reklamere for en ny såpe eller en ny politisk kandidat, og han vil utføre sitt oppdrag omhyggelig og vitenskapelig». (*Vardøger*, nr 1, s. 2.)

Som ferdig sivilingeniør frå bygningsingeniøravdelinga ved NTH visste Rune at han var svært godt skikka til å rekruttere denne raskt veksande armeen av intellektarbeidarar. Men han likte det ikkje. Likevel kunne det ha vore verre. I sin eigen artikkel i same nummer av *Vardøger* feller han følgjande dom:

«I løpet av de siste førti årene er sosiologi, statsvitenskap og sosialøkonomi blitt utviklet til nærmest rene manipulasjonsteknikker til støtte for det etablerte systemet. Systemimannen til disse fagene er nærmest fullkommen: Organiseringen av kapitalismen frembringer en rekke motsetninger, og for hver enkelt tilfelle blir det ansatt en «forsker»: En undersøker ungdomskriminaliteten, en annen rasismen, en tredje slummen, en fjerde konjunktorene, en sjette strukturproblemene, en syvende boligproblemet, osv. (...) sosialforskerne får sitt oppdrag ovenfra, fra de herskende i samfunnet» (*Vardøger*, nr 1, s. 106.)

Her manglar berre nummeret på loftsetasjen der oppdragsgjevarane bur. Kanskje ville Rune ha skrive dette litt annleis i dag – det ville vore merkeleg elles. Eg trur likevel ikkje at han hadde vridd mykje på hovedpoenget. Det har tolt tidas tann. For sjølv om den generelle oppdragsgjevaren («herskende klasse, kapitalismen») er vrien å artsbestemme på ein måte som heng godt saman, aular systemet endå meir enn før av flittige og nyttige intellektarbeidarar. Ei slik rolle har aldri passa Rune.

Då Rune hadde fullført sivilingeniørstudiet i 1967, fekk han jobb som vitenskapleg assistent ved Institutt for sosialøkonomi på NTH. Nokre år seinare fullførte han ein doktorgrad der han gjekk til kritisk frontalangrep på den herskande lærebygningen i sosialøkonomi. Dette var ikkje det ein til vanleg kallar eit lurt karrieretrekk. Dette minner om eit anna viktig poeng som Paul Baran tek opp i sin vesle artikkel:

«En intellektuell vil ... i egentlig forstand være en *samfunnskritiker* (...). Han blir således samfunnets samvittighet og talsmann for de progressive krefter som i hvilken som helst periode av historien, måtte eksistere i samfunnet. Og som sådan blir han uunngåelig betraktet som en «urostifter», en «bråkmaker» og en «plage» av den herskende klassen som prøver å opprettholde status quo, såvel som av intellektarbeiderne som i sitt arbeide i beste fall vil anklage den intellektuelle for å være utopisk eller metafysisk eller i verste fall å være nedbrytende og opprørsk.» (*Vardøger*, nr 1, s. 8.)

Ei slik rolle krev både rygggrad og så pass sterk hud at ho toler risp av ei og anna klo. Verken det eine eller det andre får ein gratis. I så fall har Rune hatt for vane å betale kontant. Eg har høyrte han kalle seg både sosialist og marxist, men aldri intellektuell. Av dette skjønar eg at han nettopp i denne rolla strekker seg etter det gjæveste.